

Samandrag *Grimnismál* / *Grimnesmál*

Kvedet brukar ei rammeforteljing for å få formidla mytologisk kunnskap.

Prosainnleiing: Dei unge kongssønene Agnar og Geirrød rek over havet i ein småbåt og blir fostra eit år av Odin og Frigg, utan at brørne forstår kven dei er, og Geirrød blir sidan konge i heimlandet med å svike broren, etter råd frå Odin. Frigg får så ordna det slik at **Odin oppsøker kong Geirrød i forkledning, under namnet *Grímnir* 'han med maska'**, og blir **fanga og pint mellom to bål i åtte døgn**. Då får Grimne (Odin) eit horn [mjød eller øl] å drikke av Agnar, sonen til Geirrød, og Odin tek til å kveda mytologisk kunnskap:

1-3. **Innleiing til den mytologiske opprekninga**. Grimne kommenterer at det er heitt og at ingen andre enn Agnar har hjelpt han, og at Agnar som takk skal overta Geirrøds rike.

Rammeforteljing hit.

4-17. Grimne skildrar **bustadene til gudar og gudinner**: Til Tor, Ull, Frøy, Såga, Odin, Skade, Balder, Heimdall, Frøya, Forsete, Njord, Vidar.

18-23. Nærare om **Odins bustad Valhall**, livet til einherjane der [d.e. falne krigarar], kva som er ikring Valhall, dyra til Odin. Fleire uklåre strofer.

25-35. Om **mytologiske tre** som truleg er variantar av verdstreet Yggdrasil. Geita Heidrun og hjorten Eiktyrne gneg på greinene, og av det mjølkar geita mjød til einherjane, og elvane i verda kjem av vatnet som dryp av hjortehorna. Fleire uklåre strofer, om elvar og gudetinget under verdstreet, m.m. Tre mytologiske ætter bur under kvar si rot på verdstreet. Eit ekorn spring opp og ned stammen med bod mellom ei ørn i toppen og ein drake /slange som gneg på røtene. Fleire slike gneg på røtene, og fleire på greinene.

36-39. Om **mytologiske skapningar på himmelen**: Valkyrjer, hestane som dreg sola over himmelen, skjoldet som skygger for sola, så verda ikkje brenn opp; ulven som forfølgjer sola over himmelen.

40-41. Om korleis **verda er skapt av kroppen til urjotunen Yme**.

42. Uklårt.

43-44. Opprekning av **dei beste tinga i verda**: Skipet Skibladne, treet Yggdrasil, m.fl.

45. Metakommentar frå Grimne om diktinga. **Rammeforteljinga tek gradvis slutt herifrå til str. 50.**

46-50. Opprekning av karakteriserande namn Odin har brukt på seg sjølv i ulike mytar, berre nokre av dei er kjende.

50-54. Grimne talar direkte **til Geirrød og seier han no har mista Odins venskap og at han snart skal døy**. Grimne avslører at han er Odin og nemner endå fleire namn han brukar.

Prosaavslutning: Når Geirrød høyrer at det er Odin han har der, reiser han seg og vil føre Odin bort frå elden, men snåvar og **blir spidda på sitt eige sverd**. Den unge Agnar tek over som konge.

Eldar Heide 09.9.2011 / 12.1.2017